



Så fint var det på Skorpefjellet i helga. Truleg vert det like fint imorgon . Foto: Privat

Imorgon skipar bedriftsidrettslaget i kommunen til guida tur på Skorpefjellet med avgang frå Sandakaien klokka 17 og berekna retur omkring klokka 20.

Ein stoppestad undervegs vert Johannes Hauge på tunet oppe i Skorpo. Han driv tradisjonell gardsdrift med ein form som er ukjent for mange i dag.

Det er lembing på gang og vårarbeidet tek snart til. Mot toppen vil ein gå framom tufta etter Herborgstova i Øredalen.

Frå Skorpefjellet har ein god utsikt til mange kommunar og bygder.

Om det vert tid til det, vil ein gå framom kanten for å sjå halvjettegryter, naturminne frå den siste istida.

Turen til Skorpefjellet er ein av mange turtilbod som Bedriftsidrettslaget skipar til.

Tekst: Kristian Olav Bringedal Nett: Ola Matti Mathisen